

Bergen kommune

Dato: 27.01.2016  
Vår ref.: 2016/1081-1  
Saksbehandlar: oleharl  
Dykkar ref.:

## Forlenging og oppgradering av trolleybusslinja i Bergen

Det blir vist til møte den 13. januar 2016 mellom kommunaldirektør Anne Iren Fagerbakke og fylkesdirektør Håkon Rasmussen og vedtak i Bergen bystyre den 25. november 2015 i sak 292-15 *Høringsuttalelse - planprogram for Regional transportplan Hordaland 2018-2029*. Bergen bystyre gjorde her mellom anna følgjande vedtak:

*«4. Bystyret ønsker en plan for utvidelse av trolleybussnettet eller bussnett for nullutslippsbusser i Bergensområdet.»*

Hordaland fylkeskommune vil med dette brevet følgje opp vedtaket i Bergen bystyre og informere om arbeidet med forlenging av trolleybusslinja i Bergen. Fylkesdirektør for samferdsel vil og invitere Bergen kommune inn til ei arbeidsgruppa som skal ha som oppgåve å utarbeide grunnlaget for om man skal forlenge trolleybusslinja eller ikkje.

### Politiske vedtak i fylkeskommunen

Fylkesutvalet fatta den 24. september 2014 følgjande vedtak i sak 210/2014:

- 1. Fylkesutvalet vurderer at elektriske bussar bør spele ei sentral rolle i Bergen i framtida, for å gje lågast mogleg utslepp frå bussane. Det viktigaste miljøbidraget vil likevel vere å få fleire til å reise kollektivt.*
- 2. Fylkesutvalet ønskjer ei vidare satsing på trolleybussdrift i Bergen også etter 01.01.2015. Det vert lagt til rette for drift av trolleybuss på dagens nivå i perioden frå 01.01.2015 og fram til ny anbudskontrakt for Bergen sentrum vert sett i drift (2018, 2019 eller 2020 avhengig av opsjonsutløysing for eksisterande kontrakt).*
- 3. Det vert lagt til rette for at dagens linje 2 i andre generasjons anbudskontrakt for Bergen sentrum skal driftast med berre trolleybussar. Fylkeskommunen kjøper inn tilstrekkeleg tal nye trolleybussar som vert leigd vidare til operatør.*
- 4. Gjennomføring av vedtakspunkt 3 føreset at det vert inngått avtale med Tide Buss om overtaking av infrastruktur og at det vert inngått avtale med Bybanen AS om drift og vedlikehald av infrastrukturen. Avtale om kjøp av infrastruktur vert fremja som eiga sak for fylkestinget.*
- 5. Fylkesutvalet ber fylkesrådmannen utgreie nærare ei forlenging av trolleybusslinjer mot Sædalen, Nesttun og Laksevåg.*
- 6. I utgreiinga skal moglegheita for å få finansiering for forskings- og utviklingsprosjekt knytt til batteridrift for den nye strekinga mellom Sædalen og Birkelundstoppen inngå som mogleg alternativ til kontaktledningsanlegg. Satsing på kombinasjonsløysingar med trolleybussar og/eller andre e-bussløysingar vert vurdert på eit seinare tidspunkt, basert på erfaringane frå ei eventuell forlenging til Sædalen.*

Fylkestinget følgde den 10. mars 2015 opp vedtaket til fylkesutvalet med følgjande vedtak i sak 14/2015:

1. Fylkesrådmannen får fullmakt til å inngå avtale om kjøp av infrastruktur knytt til trolleybussdrifta i Bergen innanfor ei kostnadsramme på kr 19 000 000, jf. tilbud frå Tide Buss av 03.09.14.
2. Fylkestinget tek estimat over framtidige investerings- og vedlikehaldskostnader knytt til trolleybussinfrastrukturen til etterretning.

### Tidligare utgreiingar

I rapporten *Linje 2+ Fremkommelighet* tek Rambøll føre seg ei forlenging av trolleybussen på strekninga Indre Laksevåg – Sentrum – Sædalen. I tillegg tilrår Rambøll ei rekke kraftfulle framkomstiltak med betydeleg tidsgevinst. Denne utgreiinga er laga i regi av Bergensprogrammet.

Norconsult laga moglegheitsstudia *Utvikling av elektriske busser i Bergen* på oppdrag frå Skyss i 2014. Her rår Norconsult til at elektriske bussar setjast inn på stamlinjer og vert brukt der dei får best utnytta fordelane sine knytt til støy, stigning og lokal forureining. Etablering av nye eller forlengta stamlinjer krev ifølgje studia oppgradering av haldeplasser til ein høgare standard enn dagens haldeplassar.

COWI laga i 2014 utgreiinga *Forlængelsesmuligheder for trolleybussen i Bergen* som eit grunnlag til Norconsult si moglegheitsstudie. Ulike forlengingar av trolleybussen vert vurdert. Frå sentrum tilrår COWI ei utviding frå sentrum mot Gravdal/Nipedal. COWI tilrår også ei utviding mot sør til Sædalen eller Nesttun, og med atterhald til Paradis.

Dei tre utgreiingane er lagt ved.

### Vidare arbeid

Fylkesdirektør for samferdsel har no starta eit arbeid med å få fram eit grunnlag for om trolleybusslinja skal forlengast til Indre Laksevåg i vest og Sædalen og Nesttun i sør. Dei tidligare utgreiingane behandla ulike forlengingar, og det vil vere sentralt for utarbeidinga av ei tilråding om kor traseen bør leggjast. Dei vedlagte utgreiingane frå 2014 svarar på mange måtar til planen Bergen bystyre etterspør. I arbeidet vil det og bli lagt vekt på framkomstiltaka som rapporten frå Rambøll har peika på.

Framkomstiltaka i Rambøll-rapporten gjer ein ny dimensjon til trolleylinja, og vil gjere ei eventuell forlenging vesentleg meir i tråd med *Kollektivstrategi for Hordaland*. Strategien peikar på at dårleg framkomst for bussane i Bergensområdet er eit stort problem. I dag tek det for mange for lang tid å reise kollektivt og dei veljar bilen i staden. Rask framkomst og punktleghet er grunnleggjande for at kollektivtilbodet skal verte oppfatta som attraktivt og for at fleire skal velje bussen framfor bilen. *Oppgradering* av trolleylinja vert difor ei vel så viktig komponent i prosjektet som *forlenging*.

Rogaland fylkeskommune vil basere sitt nye prosjekt *Bussvei 2020* på trolleyteknologi. Det vil gjere Rogaland til ein stor aktør på trolleybuss, og ein sentral samarbeidspartnar for Hordaland fylkeskommune. Difor har dei to fylkeskommunane starta opp eit samarbeidsforum med halvårlege møter kor ein utvekslar erfaringar og skapar eit grunnlag for framtidig samarbeid.

For å utarbeide grunnlaget om man skal forlengje trolleybusslinja har fylkesdirektør for samferdsel satt ned ei arbeidsgruppe beståande av ressurspersonar frå Bybanen AS, Bybanen utbygging og Skyss. Bybanen AS er ansvarleg for drift og opprusting av eksisterande linje. Bybanen utbygging har ansvaret for utbygging av infrastruktur knytt til nye strekningar på trolleylinja. Skyss vurderer forholda opp mot overordna ruteplanlegging.

Fylkesdirektør for samferdsel vil med dette invitere inn Bergen kommune til arbeidsgruppa. Arbeidsgruppa skal levere sitt arbeid i løpet av første halvår i 2016. Det blir bedt om tilbakemelding på kven frå Bergen kommune som eventuelt skal vere med i arbeidsgruppa.

Håkon Rasmussen  
Fylkesdirektør samferdsel

John Martin Jacobsen  
leiar

*Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.*

Kopi til:  
Kommunaldirektør Anne Iren Fagerbakke  
Rådgjevar Øivind Hauge Støle